

Den store kultur- og idrettsundersøkinga 2013

Kunnskapsgrunnlag for regional kulturplan 2014-2024



Utgivar:	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) http://www.hordaland.no/aud
Tittel:	”Den store kultur- og idrettsundersøkinga 2013 – Kunnskapsgrunnlag for regional kulturplan 2014-2024”
Publikasjonsserie/nr:	AUD-rapport nr: 10-13 http://www.hordaland.no/aud-rapportar
Dato:	16. desember 2013
Forfattarar:	Stian Skår Ludvigsen, PhD
Tlf:	55 23 92 79
E-post:	stian.ludvigsen@hfk.no
Kontaktperson:	Ronny B. Skaar, Kultur- og idrettsavdelinga
Tlf:	55 23 91 71
E-post:	ronny.skaar@hfk.no

Innhald

1. Innleiing	5
1.1. Oversikt over data	5
1.2. Hovudfunn	5
1.3. Oppbygging av rapporten	6
2. Interesse	7
2.1. Generelt	7
2.2. Døme på moglege analysar av interesse	9
2.2.1. Sum av interesser	9
2.2.2. Interesse for skjønnlitteratur	11
2.2.3. Regionprofilar/kulturtypologiar	11
2.3. Detaljar for kvart interessefelt	13
3. Bruk/aktivitet	27
3.1. Utstilling, museum, idrettsarrangement, teater, kino, konsert	27
3.2 Friluftsliv	40
3.3 Eigen aktivitet	43
3.4 Bibliotek	45
3.5 Arkivinstusjonar	47
4. Festivalar	49
5. Sagn	51
6. Kjenneteikn for kulturregionane	60
6.1. Bergen	60
6.2. Indre kulturregion	60
6.3. Ytre kulturregion	60

Figur/tabelliste

Figur 1: Gjennomsnittsinteresse	7
Figur 2: Sum av kulturinteresse i regionane (gjennomsnitt, krympa skala)	8
Figur 3: Sum av kulturinteresse i regionane (gjennomsnitt, full skala)	8
Figur 4: Sum av interesse etter alder for kvinner med lang høgare utdanning	9
Figur 5: Sum av interesse etter alder for kvinner og menn med lang høgare utdanning	10
Figur 6: Sum av interesse etter alder for menn med berre ungdomskoleutdanning	11
Figur 7: Gjennomsnittleg interesse i regionane, gruppert i «kulturregionar»	12
Figur 8: Gjennomsnittleg interesse i regionane, gruppert og vist etter avvik frå hordalandssnitt	12
Tabell 1: Feilmarginar for seks av utvala ved ulike prosentfordelingar	14
Figur 9: Interesse i ballett og samtidsdans	16
Figur 10: Interesse for danseband	16
Figur 11: Interesse for hip hop	17
Figur 12: Interesse for opera	17
Figur 13: Interesse for folkemusikk/folkedans	18
Figur 14: Interesse for jazz	18
Figur 15: Interesse for country	19
Figur 16: Interesse for klassisk musikk	19

Figur 17: Interesse for kunsthandverk	20
Figur 18: Interesse for bildekunst	20
Figur 19: Interesse for kulturminnevern	21
Figur 20: Interesse for museum.....	21
Figur 21: Interesse for teater	22
Figur 22: Interesse for skjønnlitteratur	22
Figur 23: Interesse for lokalhistorie/slektsgransking	23
Figur 24: Interesse for pop.....	23
Figur 25: Interesse for rock.....	24
Figur 26: Interesse for revy/stand-up.....	24
Figur 27: Interesse for idrett.....	25
Figur 28: Interesse for film.....	25
Figur 29: Interesse for friluftsliv.....	26
Figur 30: Tal gonger på kunstutstilling siste 12 månader	28
Figur 31: Grunn for ikkje å gå oftare på kunstutstilling.....	29
Figur 32: Tal gonger på museum siste 12 månader	30
Figur 33: Grunn for ikkje å gå på museum oftare	31
Figur 34: Tal gonger på idrettsarrangement (som publikum) siste 12 månader.....	32
Figur 35: Grunn til ikkje å gå oftare på idrettsarrangement.....	33
Figur 36: Tal gonger på teater/musikal/revy siste 12 månader	34
Figur 37: Grunn for ikkje oftare på teater/musikal/revy	35
Figur 38: Tal gonger på kino siste 12 månader	36
Figur 39: Grunn for ikkje oftare på kino	37
Figur 40: Tal gonger på konsert siste 12 månader	38
Figur 41: Grunn for ikkje å gå oftare på konsert	39
Figur 42: Tal gonger på fellestur med turlag eller annan organisasjon siste 12 månader.....	40
Figur 43: Tal gonger nytta alpinanlegg i Hordaland siste 12 månader.....	41
Figur 44: Tal gonger nytta skianlegg for langrenn i Hordaland siste 12 månader.....	41
Figur 45: Tal gonger nytta tilrettelagt friluftsområde ved sjø siste 12 månader.....	42
Figur 46: Tal gonger på tur på eiga hand, eller med familie eller vener, siste 12 månader	42
Figur 47: Prosent av befolkninga som ikkje har nytta nokre av dei tilrettelagte friluftstiboda siste år.....	43
Figur 48: Er du sjølv aktiv utøvar innan kultur og idrett?.....	44
Figur 49: Er det kultur/idrettsaktivitetar du kunne tenkja deg å drive meir med enn i dag?.....	44
Figur 50: Viktigaste grunnar til at ein ikkje får deltatt så ofte som ein ønskjer som utøvar (flerie svar mogleg).....	45
Figur 51: Kor ofte går du på bibliotek?.....	46
Figur 52: (Dei som går på bibliotek): Kor ofte lånar du på bibliotek?	46
Figur 53: Ville du brukt biblioteket meir om opningstidene vart utvida?	47
Figur 54: Kontakta ein eller fleire av følgjande arkivinstusjonar siste to år (fleire svar mogleg).....	48
Figur 55: Grunnar til å nytte arkiva (fleire svar mogleg).....	48
Figur 56: Kva festivalar (t.d. musikk, idrett, kunst/handverk) i Hordaland har du vore på siste to år?.....	50
Figur 57: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar ulike tilbod, fordelt etter aldersgrupper	52
Figur 58: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar ulike tilbod, fordelt etter kjønn.....	53
Figur 59: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar ulike tilbod, fordelt etter utdanningsnivå	54
Figur 60: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar ulike tilbod, fordelt etter yrkesstatus	55
Figur 61: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar ulike tilbod, fordelt etter region	56
Figur 62: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar kinotilbod	57
Figur 63: Utrekna kor mange mellom 16 og 19 i Hordaland som saknar ulike tilbod, etter alder.....	58
Figur 64: Utrekna kor mange mellom 16 og 19 i Hordaland som saknar ulike tilbod, etter kjønn	59

1. Innleiing

Hordaland fylkesting skal hausten 2014 vedta regional kulturplan for perioden 2014-2024. Som forarbeid til denne planen har Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune bestilt denne rapporten, der datainnsamlinga er gjort av Respons Analyse og denne samanstillinga/utrappoterlinga er gjort av Analyse, utgreiing og dokumentasjon i Regionalavdelinga i fylkeskommunen.

Rapportbestillar, representert ved kulturplanen sin plankomité, har gitt innspel på utforminga av spørjeskjemaet og på kva data som er nyttig for Kultur- og idrettsavdelinga å få rapport om.

1.1. Oversikt over data

- Samla inn ved telefonintervju av Respons Analyse
- 40 % fasttelefonar og 60 % mobiltelefonar
- Intervjuperiode 10. juni – 2. juli 2013
- 1 850 respondentar + ekstra utval av 16-19-åringar (i alt 2 100 respondentar)
- Aldersspenn 16-94 år
- 8 regionar dekt: Bergen, Sunnhordland, Hardanger, Voss, Bjørnefjorden, Vest, Osterfjorden, Nordhordland
- 204-229 i kvar region (345 i Bergen) i hovudutvalet
- 21 spørsmål om interesse (skala 1-6)
- 27 spørsmål om aktivitet
- 1 ope spørsmål om sakn i nærområdet
- 4 bakgrunns spørsmål (kjønn, alder, utdanning og yrkesstatus) + region = 5 bakgr.variablur

1.2. Hovudfunn

- Basert på at dette er ei representativ undersøking, har vi berekna kor mange respondentane representerer i heile hordalandsbefolkninga. Vi finn da mellom anna at:
- 151 000 hordalendingar har vore på festival ein eller fleire gongar siste to år (sjå side 49-50)
- 77 000 saknar eitt eller fleire kulturtilbod/-arenaar i sitt nærområde (50 % bur i Bergen – sjå side 51-59)
- 34 000 saknar idrettstilbod/-arena (57 % i Bergen)
- 16 000 saknar friluftstilbod/-arena (65 % i Bergen)
- 8 000 saknar (utvida) bibliotekstilbod (76 % i Bergen)
- 6 000 saknar musikkfestivalar (72 % utanfor Bergen)
- 3 000 saknar museum (100 % bur utanfor Bergen)
- 1 600 saknar motorsporttilbod (100 % utanfor Bergen)

- 74 % av 16-19 åringane saknar ikkje noko ($\approx 19\,500$ av fylkets $26\,500$ 16-19-åringar)
- Ungdommen er likevel ikkje passive: berre 5 av dei 400 i utvalet (≈ 300 av fylkets 16-19-åringar) svarer at dei ikkje har besøkt kulturarena siste året. Ingen av desse oppgjer helse som grunn for ikkje å gå.
- 65 av 400 (16 %, $\approx 4\,300$ av fylkets 16-19-åringar) seier dei har vore lite på kulturarenaar. Heller ingen av desse oppgjer helse som grunn for ikkje å gå.
- Av dei i alt 70 ungdommane ($\approx 4\,600$) som nyttar kulturarenaar lite, er det berre 14 (≈ 900) som rapporterer at dei saknar noko. I snitt saknar desse 2,6 tilbod kvar (data frå eige ungdomsutval – ikkje vist detaljar i denne rapporten).
- Tre typar «kulturregionar» er identifisert (sjå side 11-13 og oppsummering side 60):
 - Bergen
 - «Indre Hordaland» = Voss, Hardanger, Osterfjorden
 - «Ytre Hordaland» = Kystregionane
- Ingen regionar er kulturfattige (sjå side 8).
 - Nordhordland er mest homogen (minst spreiding i kulturinteresse)
 - Vest er mest heterogen (mest spreiding i interesse – ikkje vist i rapporten)
- Ingen yrkesgrupper er kulturfattige (sjå side 9-11).
 - samla kulturinteresse er best forklart av kjønn, alder og utdanning – kvinner har i snitt høgare samla interesse enn menn, og for begge kjønn stig kulturinteressa med alderen og med lengd på utdanning.
- Innanfor dei ulike interessefelt er derimot region og yrke viktig til å forklare graden av interesse (sjå døme på interesse for skjønnlitteratur på side 11)

1.3. Oppbygging av rapporten

Rapporten er delt i fem hovudkapittel etter innleiinga, der mest plass er brukt på dei 21 spørsmåla om interesse.

Interessekapitlet (kapittel 2) er delt i tre delkapittel, der vi først viser generelle resultat, deretter døme på moglege analysar av interesse, og til slutt detaljert utskrift av svarfordelinga på kvart interessefelt. Respondentane er her delt inn etter bakgrunnsvariablane (kjønn, alder, yrke, utdanning, region).

Aktivitetkapitlet (kapittel 3) er i sidetal litt større enn kapittel 2, men inneheld færre figurar. Dette kapitlet er delt i fem underkapittel: besøk på utstilling, museum, idrettsarrangement, teater, kino og konsert; bruk av friluftslivstilbod; eigen aktivitet; besøk og lån på bibliotek; og bruk av arkivinstitusjonar.

I festivalkapitlet (kapittel 4) har vi med basis i spørjeundersøkinga rekna ut kor stort lokalt publikum festivalane i Hordaland har hatt siste to år.

Kapitlet om sagn av tilbod (kapittel 5) er eit kapittel vi av planomsyn har gjort ekstra mykje av, og vi med basis i opne spørsmål til respondentane har identifisert 74 kategoriar av kultur- og idrettstilbod som innbyggjarane i Hordaland saknar. I dette kapitlet har vi òg brukt spørjeundersøkinga som basis for å rekne ut kor stort det samla behovet er i fylket.


Til sist i rapporten (kapittel 6) er det ei side som listar opp kjenneteikn for dei tre kulturregionane vi har identifisert.

2. Interesse

Respondentane er spurde om interesse for 21 former for kultur, friluftsliv og idrett, og bedne om å rangere eiga interesse frå 1 til 6, der 1 er svært lite interessert og 6 er svært interessert. Dette kapitlet viser resultatane frå desse spørsmåla, og kapitlet er delt i to: først ein generell del som gir nokre hovudresultat og analysar av desse, deretter ein del som presenterer detaljar om kvar av dei 21 interessefeltene.

2.1. Generelt

Figur 1 viser gjennomsnittsinteressa og medianinteressa for dei 21 interessefeltene i heile Hordaland. Medianverdien er det svaralternativet som deler respondentane i to like store grupper. Om medianverdien t.d. er 2 (som den er i fem høve), vil halvparten av respondentane ha svart 1 eller 2, og halvparten 2 eller meir. Fordi svaralternativa har «yttergrenser» (1 og 6), vil interessefelt med medianverdiar på 2 og 3 normalt ha gjennomsnittsverdiar som er litt høgare enn medianverdiene, mens interessefelt med medianverdiar på 4 og 5 vil normalt ha gjennomsnittsverdiar som er litt lågare enn medianverdiene. Er det kort avstand frå medianen til gjennomsnittet, vil det vere få respondentar med sterke avvikande verdiar, mens viss det er stor avstand frå medianen til gjennomsnittet, vil det vere stor spreing blant respondentane, og dei med store avvik frå medianen vil trekkje ein del i gjennomsnittet.




Figur 1: Gjennomsnittsinteresse


Figuren viser gjennomsnittleg interesse i fylket for 21 former for kultur, friluftsliv og idrett. Interesse er eigenrapportert på ein skala frå 1 til 6, der 1 er svært lite interessert og 6 er svært interessert. Heilt til venstre er mediantalet oppgjeve. Dette er det svaralternativet der respondentane er delt i to like store grupper.

Hordalendingane er mest interesserte i friluftsliv. Av dei 21 interessefeltene vi har spurt om, er hordalendingane mest interesserte i friluftsliv, og minst interesserte i ballett/samtidsdans. Meir enn halvparten av hordalendingane svarer 5 eller 6 på spørsmålet om kor interesserte dei er i film og friluftsliv, mens vi i den andre enden av skalaen finn at meir enn halvparten av hordalendingane svarer 1 eller 2 på spørsmål om interesse i ballett/samtidsdans, danseband, opera, hip hop, og folkemusikk/folkedans.

Ingen «kulturfattige» regionar. Figur 2 og 3 viser summen av kulturinteresse per innbyggjar i dei åtte regionane i fylket. Figur 2 er laga for å få fram forskjellane mellom regionane, men som ein ser i figur 3, er desse forskjellane små.



Figur 2: Sum av kulturinteresse i regionane (gjennomsnitt, krympa skala)



Figur 3: Sum av kulturinteresse i regionane (gjennomsnitt, full skala)


2.2. Døme på moglege analysar av interesse

2.2.1. Sum av interesser

Ved hjelp av regresjonsanalyse får vi ei statistisk siling av materialet der vi kan generere ein stereotyp (teoretisk person som ikkje finns i utvalet) som vi kan forvente har følgjande sum av interesser:

- 16 år gamle menn (sjølvsagt berre med ungdomsskoleutdanning), med kva som helst yrkesstatus og kva som helst bustad, vil ha ein gjennomsnittleg sum av interesser på 36,7 poeng (der mellom 0 og 100 er mogleg).
- Samla interesse er venta å auke med 0,2 poeng for kvart år dei blir eldre,
- + 1,3 poeng for kvart utdanningsnivå dei oppnår, og
- + 5,2 poeng om dei var kvinner.
- 60-årige kvinner med lang høgare utdanning er da venta å ha ein gjennomsnittleg sum av interesser på 53,7 poeng.


Det er viktig å vere merksam på at dette er særse generelle stereotypiar, og at ein i røynda kan finne personar som liknar på desse to stereotypiane, men som avviker både i positiv og negativ retning frå dei statistisk genererte verdiane. Det er òg mykje variasjon i interesse-nivået i utvalet som ikkje let seg fange av regresjonsanalysen.



Figur 4: Sum av interesse etter alder for kvinner med lang høgare utdanning

Figuren viser faktisk plassering av kvinner i utvalet med lang høgare utdanning. «Harmonisert interesse» er summen av interesser som kvar respondent har oppgjeve, og justert slik at ein person som svarer «1» på alle spørsmåla om interesse får summen 0 i harmonisert interesse, og at ein person som svarer «6» på alle spørsmåla får summen 100, i motsetnad til i spørjeundersøkinga, der ein person som svarar «1» på alle 21 spørsmål om interesse ville fått summen 21, og ein person som svarar «6» på alle spørsmåla ville fått summen 126.


Figur 4 og 5 illustrerer dette. Figur 4 viser summen av interesser for kvar kvinne i utvalet som har lang høgare utdanning, fordelt etter alder. Figur 5 legg til verdiane for menn med lang høgare utdanning, samt separate regresjonslinjer for dei to gruppene. Som ein kan sjå av dei to figurane, er det stor spreining i interessene for kvinner med lang høgare utdanning, men ei viss auke med alder. For menn er det nesten like stor spreining, og det er store mengder menn og kvinner som i figur 5 er umoglege å skilje frå kvarandre. Ein ser likevel at det er ein viss nivåforskjell på dei to kjønnna, og at ein har større sannsyn for å treffe kvinner i den øvre del av figuren og menn i den lågare del av figuren.



Figur 5: Sum av interesse etter alder for kvinner og menn med lang høgare utdanning

Figur 6 viser gode døme både på kvar regresjonsmodellen treff, og kvar den ikkje treff. Modellen treff ganske godt på menn over 40. For gruppa som her er vist – menn med berre ungdomsskoleutdanning – er interesseauken som følgje av alder på heile 0,6 poeng for kvart år dei over 40 vert eldre.

Der modellen derimot ikkje treff, er for ungdom. Svært få av dei under 19 har fullført noko meir enn ungdomsskolen, så utdanning kan ikkje vere nokon markør for kva interesse dei har – eller vil få i framtida. Det går tydeleg fram av figur 4. Undersøkinga kan ikkje svare på om tidleg interesse i staden er ein markør på kva utdanning dei seinare kjem til å ta. For å få svar på eit slikt spørsmål treng ein panelundersøkingar som følgjer dei same individa over fleire år, og som først spør dei kva interesser dei har, for seinare å sjå kva utdanning dei tek. Når vi likevel ser på summen av interesser for dei yngste mennene, er det ikkje urimeleg å vente seg at dei med interesse over 40 poeng i tidleg alder kjem til å fullføre utdanning over ungdomsskolenivå.



Figur 6: Sum av interesse etter alder for menn med berre ungdomskoleutdanning

2.2.2. Interesse for skjønnlitteratur

Tilsvarende for sum av interesser kan vi for dei einskilde interessefeltene bruke regresjonsanalyse til å seile ut stereotyper som vi kan forvente har følgjande interesse for skjønnlitteratur:


- 16 år gamle trygda menn frå Bjørnefjorden med berre ungdomskole er venta å ha ei gjennomsnittleg interesse for skjønnlitteratur på 1,4.
- Interessa er venta å auke med 0,02 for kvart år dei blir eldre,
- + 0,5 om dei var offentleg tilsett,
- + 0,5 om dei var frå Bergen,
- + 1,0 om dei var kvinner, og
- + 1,5 om dei hadde lang høgare utdanning
- 60 år gamle kvinner frå Bergen med lang høgare utdanning og tilsett i offentleg sektor er da venta å ha ei gjennomsnittleg interesse for skjønnlitteratur på 5,2.

Igjen må vi gjere merksam på at interesseverdien er grov plassering av desse stereotypene: variablane kjønn, alder, region, yrke og utdanning forklarar berre 23 % av variasjonen i interessa for skjønnlitteratur.


2.2.3. Regionprofilar/kulturtypologiar

Gjennomsnittleg interesse i kvar region kan brukast til å berekne kva regionane har i fellesskap, og på den måten typologisere regionane. Statistikkteknikken *faktoranalyse* er brukt på interessedataa for regionane, og vi kjem fram til at Hordaland grovt sett kan delast inn i

tre «kulturregionar»: Bergen (berre Bergen kommune), Indre (Hardanger, Voss, Osterfjorden), og Ytre (Sunnhordland, Bjørnefjorden, Vest og Nordhordland). Figur 7 viser korleis desse tre «kulturregionane» skil seg frå kvarandre og frå Hordaland, etter gjennomsnittsverdiene for kvar av dei 21 interessespørsmåla.



Figur 7: Gjennomsnittleg interesse i regionane, gruppert i «kulturregionar»



Figur 8: Gjennomsnittleg interesse i regionane, gruppert og vist etter avvik frå hordalandsnitt

Fordi det ikkje er lett å få auge på forskjellane, har vi i figur 8 gjort om verdiane frå gjennomsnittsverdiar for kvar kulturregion til *avvik* frå hordalandssnittet. Alle verdiane for Hordaland er her sett til 0, og så er differansen frå kvar av kulturregionane til gjennomsnittet for Hordaland vist.

Forskjellane mellom regionane kjem her tydelegare fram. Vi ser her at Bergen avviker positivt på film, skjønnlitteratur, teater, bildekunst, klassisk musikk, jazz, opera og museum, og negativt på danseband, country, lokalhistorie/slektsgransking, og folkemusikk/folke-dans. Indre Hordaland avviker noko negativt på fleire av felte der det er høg interesse i Bergen, og svært positivt på ein del av dei meir tradisjonelle kulturfelta der interessa er låg i Bergen. Ytre Hordaland har stort sett negative avvik frå hordalandssnittet, med unntak av pop, lokalhistorie/slektsgransking, revy/stand-up, country og danseband.

Vi summerer opp regionane til slutt i denne rapporten (kapittel 6).

2.3. Detaljar for kvart interessefelt

21 figurar. I dette delkapitlet er det vist figurar for 21 interessefelt, og fordeling i fylket etter kjønn, region, yrkesstatus, utdanningsnivå og aldersgrupper. Interessa er målt frå 1 til 6, der respondentane sjølv har rapportert kor mykje eller lite interessert dei er i dei einskilde temaa. Respondentane har fått vite at 1 er å rekne som svært lite interessert, og 6 er å rekne som svært interessert. Resultata er vist i stabla liggjande stolpediagram, der 1 ligg heilt til venstre og 6 ligg til høgre, og prosentane er vist kumulativt. For kvar inndeling av respondentane er det vist kor mange respondentar (n) som fell innanfor kvar kategori, og kor sterk gjennomsnittsinteressa er (snitt). Resultata er vektta etter kjønn, alder og region for resultata for heile fylket, og etter kjønn og alder for resultata for regionane.

Signifikans. Vi har valt å ikkje teste om alle gjennomsnitta er signifikant forskjellige frå kvarandre, så ein skal vise varsemd i tolkinga av små forskjellar. Vi har derimot testa nokre døme: I figur 12 har både offentleg tilsette og trygda ei gjennomsnittleg interesse for opera på 2,4, mens privat tilsette har ei gjennomsnittleg interesse på 2,1. Forskjellen mellom privat og offentleg tilsette er signifikant, mens den ikkje er det for forskjellen mellom privat tilsette og trygda. I begge tilfella er forskjellen på 0,3 poeng, men på grunn av eit lågt utval av trygda, blir usikkerheita for denne gruppa for stor. Vi må anten opp i ein forskjell på 0,5 poeng eller eit utval av trygda på 250 personar før vi får ein signifikant forskjell i interessa for opera blant trygda og privat tilsette. I det andre dømet må vi heilt ned i ein forskjell på 0,1 poeng før forskjellen i interesse mellom privat og offentleg tilsette ikkje lengre er signifikant.

For regionane er forskjellane i gjennomsnittsinteresse typisk ikkje signifikante for forskjellar som er mindre enn 0,3 poeng.

For dei to største utdanningsgruppene (vidaregåande og kort høgare utdanning) skal ein ned i 0,15 poengs forskjell før ein ikkje lengre har signifikans. For dei to minste utdanningsgruppene (ungdomskole og lang høgare utdanning), samt kombinasjonar av desse med dei to største gruppene, er forskjellar mindre enn 0,3 poeng ikkje signifikante. For aldersgruppene er det omtrent likeeins.

Fordi kjønn berre kan delast i to kategoriar, har vi signifikantesta alle forskjellane i interesse her, og med unntak av tre felt (danseband, lokalhistorie/slektsgransking og kulturminnevern) er alle signifikante. I dei tre unntaka er forskjellane minimale: høvesvis 0,08, 0,05 og 0,02 poeng i forskjell.

Forskjellane i svarfordelinga mellom gruppene kan òg signifikantestast. Feilmarginane er størst ved 50 % og blir mindre dess nærare ein kjem 0 eller 100. Feilmarginane er òg størst for små utval, og blir mindre dess større utvala blir. Tabell 1 viser nokre døme.

Tabell 1: Feilmargar for seks av utvala ved ulike prosentfordelingar

Utval	Respondentar	50 %	25/75 %	10/90 %	5/95 %	1/99 %
Trygda	60	+/- 12,7	+/- 11,0	+/- 7,6	+/- 5,5	+/- 2,5
Grunnskole	135	+/- 8,4	+/- 7,3	+/- 5,1	+/- 3,7	+/- 1,7
Hardanger	212	+/- 6,7	+/- 5,8	+/- 4,0	+/- 2,9	+/- 1,3
60+	506	+/- 4,4	+/- 3,8	+/- 2,6	+/- 1,9	+/- 0,9
Menn	901	+/- 3,3	+/- 2,8	+/- 2,0	+/- 1,4	+/- 0,6
Heile fylket	1 850	+/- 2,3	+/- 2,0	+/- 1,4	+/- 1,0	+/- 0,5

Tabellen viser feilmargar for seks av utvala i spørjeundersøkinga. Feilmarginane er berekna ut frå eit 95 % signifikansnivå – det vil seie at om ein trekk utvala 100 gonger, skal ein hamne innanfor feilmarginane minimum 95 av 100 gonger. Utrekningane er gjort med programmet Zigne 5.7 (Aardal og Berglund, 2013).

Vi kan tydeleggjere dette med eit døme frå figur 30 (neste kapittel). Her har 63,4 % av dei med grunnskoleutdanning som høgste fullførte nivå og 68 % av dei med vidaregåande skole som høgste fullførte nivå svart at dei ikkje har vore på kunstutstilling dei siste 12 månadene. Denne forskjellen er ikkje signifikant, da ein i røynda kan vente seg at så mange som 74 % av alle med grunnskoleutdanning ikkje har vore på kunstutstilling siste året. Derimot er det ein signifikant forskjell mellom dei med vidaregåande og kort høgare utdanning, og mellom dei med kort og lang høgare utdanning. Vi kan derfor slå fast at dess høgare utdanning ein hordalending har, dess høgare sannsyn er det for at han eller ho har vore på kunstutstilling siste 12 månader.

Tabell 1 kan nyttast på alle figurane i dette delkapitlet, samt på heile kapittel 3 og 4.

Meir enn gjennomsnitt. Gjennomsnitt er berre eitt mål på interesse. I signifikantestinga tek ein òg inn informasjon om spreing i interesse internt i gruppene, men denne spreinga er betre å vise grafisk enn i ein tabell.

Frå avsnitta om signifikans veit vi at sjølv små forskjellar mellom private og offentleg tilsette er signifikante. I figurane er dikotomien privat vs. offentleg tilsett likevel berre visuelt slåande på interessa for skjønnlitteratur (figur 22). For store utval er signifikante forskjellar med andre ord ikkje alltid like lett å fange visuelt, mens det for små utval kan vere motsett, ved at ein visuelt overdriv forskjellar som ikkje let seg måle statistisk.

Vi har i avsnitta over forklart kor skila mellom signifikans og ikkje-signifikans går for dei ulike delutvala, og med høveleg varsemnd kan ein hente informasjon frå figurane som gjennomsnittstala ikkje kan gi. *Mønster* er til dømes noko som er lettare å sjå når ein òg ser på spreinga, og vi ser tydelege effektar av alder og utdanning i dei aller fleste figurane, og ein tydeleg kjønnsforskjell i figur 9, 12, 17, 18, 21, 22, og 25. Regionale forskjellar er òg å spore i dei

fleste figurane, mens yrkesstatus i mange høve fell saman med alder (for pensjonistar og studentar/elevar), og yrkesstatusen har i mindre grad noko å seie for dei som er i jobb.¹

Kryssande samanhengar. Dei tydelege forskjellane i interesse etter utdanning, gjer at ein kan antyde ein *klasseforskjell* i kulturlivet, men ein skal vere litt forsiktig i *bivariate* samanhengar som dette (t.d. utdanning vs. interesse) når det finst fleire faktorar som kan spele inn. Det er vanskeleg å skilje bakgrunnsvariablane frå kvarandre utan å gjere slike regresjonsanalysar som blei gjort i delkapittel 2.2.1 og 2.2.2. Utdanning høyrer saman med alder, yrke, bustad og kjønn: berre eit fåtal av dei mellom 16 og 19 har fullført vidaregåande, ingen av dei har fullført kort høgare utdanning, og absolutt ingen har begynt på ein mastergrad eller doktorgrad; offentleg tilsette har i større grad lang høgare utdanning enn privat tilsette; dei med lang høgare utdanning busett seg i større grad i Bergen enn i andre regionar; og (yngre) kvinner har i større grad høgare utdanning enn menn. Likeeins kan ein trekkje liknande trådar mellom dei andre grupperingane. 16-19-åringane vil t.d. ikkje vere pensjonistar, særst få vil vere offentleg tilsette, nokon vil vere privat tilsette, men dei fleste vil vere elevar (i figurane i same kategori som studentar).

Til planarbeid treng ein likevel nokre klare klassifikasjonar av innbyggjarane. Det er ikkje behov for å gjere eit utal multivariate regresjonsanalysar om ein ikkje òg kan rette planarbeidet inn mot dei finindelte grupperingane ein da får ut. Ein kan finsikte lag for lag inntil ein står att på individnivå, men vi kan ikkje forvente at det blir lagd planar for kvar einaste av Hordalands meir enn 500 000 innbyggjarar. Så lenge ein er forsiktig med å trekkje for bastante konklusjonar frå dei bivariate samanhengane, vil grupperingane i figurane vere til god hjelp i planarbeidet.


Minimums- og maksimumsverdiar. Figurane er sortert slik at det temaet hordalendingane i snitt har minst interesse for (ballett og samtidsdans) er vist først, og det temaet hordalendingane i snitt viser størst interesse for (friluftsliv) er vist sist.

Det er minst variasjon mellom dei demografiske grupperingane i gjennomsnittleg interesse for idrett og revy/stand-up, og størst variasjon i gjennomsnittleg interesse for folkemusikk/folkedans og hip hop.²


Høgast del «svært interesserte» finn vi blant hardingar på spørsmålet om friluftsliv, der 39,5 % oppgjer å vere svært interesserte, mens høgast del «svært lite interesserte» finn vi blant 16-19-åringar på spørsmålet om opera, der heile 69,2 % oppgjer å vere svært lite interesserte.

¹ Det har ikkje eksplisitt blitt spurt om ufrivillig eller frivillig fråvær frå arbeidsmarknaden, så kategorien «ikkje sikker/ubesvart» blir for brei til at den kan gi oss tolkbare resultat. Denne kategorien er derfor utelatt frå figurane.


² Variasjon er målt som standardavvik av gjennomsnittsverdiane.




Figur 9: Interesse i ballett og samtidsdans




Figur 10: Interesse for danseband




Figur 11: Interesse for hip hop




Figur 12: Interesse for opera




Figur 13: Interesse for folkemusikk/folkedans




Figur 14: Interesse for jazz




Figur 15: Interesse for country




Figur 16: Interesse for klassisk musikk




Figur 17: Interesse for kunsthandverk




Figur 18: Interesse for bildekunst




Figur 19: Interesse for kulturminnevern




Figur 20: Interesse for museum




Figur 21: Interesse for teater




Figur 22: Interesse for skjønnlitteratur




Figur 23: Interesse for lokalhistorie/slektsgranskning




Figur 24: Interesse for pop




Figur 25: Interesse for rock




Figur 26: Interesse for revy/stand-up



Figur 27: Interesse for idrett



Figur 28: Interesse for film



Figur 29: Interesse for friluftsliv

3. Bruk/aktivitet

Dette kapitlet inneheld figurar som viser variasjonen i deltakinga på ulike kultur- og friluftstilbod. Demografiinndelinga i kvar figur er den same som i kapittel 1. Fordi deltaking er målt i få ikkje-lineære kategoriar (t.d. 0 gonger – 1-3 gonger – 4-10 gonger – fleire enn 10 gonger), gir det ikkje mening å rekne gjennomsnittleg deltaking.

3.1. Utstilling, museum, idrettsarrangement, teater, kino, konsert

Grunn til ikkje å gå oftare. For spørsmåla om deltaking/bruk av kunstutstilling, museum, idrettsarrangement, teater, kino og konsert, er dei som har svart ingen gonger eller 1-3 gonger spurt om kvifor dei ikkje har gått oftare. Respondentane har fått seks faste alternativ og eit ope alternativ. Dei faste er «er ikkje nok interessert», «har ikkje nok tid», «for dyrt/kostar for mykje», «dårleg tilbod om dette der eg bur/må reise langt», «får for lite informasjon om slike arrangement», «ingen spesiell grunn/ikkje sikker», og «andre årsaker». På «andre årsaker» har vi omkoda desse årsakene, slik at vi i tillegg til dei alternativa det har blitt spurt om, får «ferie» (gjeld dei som har oppgjeve at dei nyttar seg mest av tilbodet når dei er på ferie – til dømes går på museum berre i utlandet), «lite variasjon» (gjeld dei som har oppgjeve at tilbodet er snevert eller endrast for sjeldan), «ikkje nokon å gå med», «jobb/reise» (gjeld dei som oppgjer fråvær frå heimen som grunn til ikkje å delta oftare, og dei som oppgjer at dei har vore i lengre fråvær dei siste 12 månadene, som t.d. militærteneste eller vore busett i utlandet), «barn/familie» (dei som oppgjer at dei manglar barnepass eller har andre familieomsyn), «helse» (dei som oppgjer at dei ikkje kan delta av omsyn til helsa), «deltek sjølv» (dei som oppgjer, t.d. ved idrettsarrangement, at dei er aktive utøvarar og derfor ikkje deltek så ofte som tilskodar), og «TV/CD/internett», som er dei som oppgjer at dei heller finn tilbodet heime framfor å gå på kino, konsert eller idrettsarrangement.

Fare for å trekkje feilslutningar. Når vi har avgrensa dei faste svaralternativa, kan vi ha tvunge respondentane til å svare noko dei elles ikkje ville svart. For eksempel kan ein travel småbarnsmor svare at ho ikkje har tid (som er eit opplest alternativ) framfor å svare at ho manglar barnepass (som ho må tenkje på sjølv), og ein som synast det er for lite variasjon i tilbodet (ikkje opplest) kan ha svart at han ikkje er nok interessert (lest).

Typiske grunnar for ikkje å delta. Med atterhald om at figurane for deltaking inneheld både oppleste og tolka svar, er det «ikkje nok interesse», «ikkje nok tid» og «for dårleg tilbod/må reise langt» (alle oppleste svaralternativ) som er mest svart. For tre av (dei delvis samanfallede) gruppene – pensjonistar, trygda og 60+ – er helse òg ein mykje oppgjeve grunn til ikkje å delta (ikkje eit opplest alternativ).

Konkurransen frå heimeunderhaldning er naturleg nok størst for kino, og er nokså likt fordelt i alle delutvala, med eitt interessant unntak: av dei mellom 16 og 19 (i hovudutvalet) som har vore mindre enn fire gonger på kino siste år, er det *ingen* som oppgjer heimeunderhaldning som grunn. Her skal ein vere obs på at utvalet er lite: det er berre 26 av 105 16-19-åringar som oppgjer å ha vore mindre enn fire gonger på kino siste år. Om vi ser på den særskilte ungdomsundersøkinga, er det 90 av 400 16-19-åringar som har vore lite på kino siste år. Likevel er det av desse berre fem stykk som oppgjer heimeunderhaldning som grunn.


Konkurransen frå heimeunderhaldning er òg synleg for idrettsarrangement, men kanskje overraskande lite for konsertar. Her er den mest synleg for dei gruppene som òg i stor grad

oppgjer helse som grunn til ikkje å gå på konsert, så heimeunderhaldning i dette tilfellet kan moglegvis vere eit substitutt for dei som ikkje har helse til å gå, og er i særst liten grad ein faktisk konkurrent til livekonsertar. Hadde vi spurt eksplisitt om heimeunderhaldning, ville vi nok fått litt høgare svarprosent her.

Minimums- og maksimumsverdiar. Figurane er sortert slik at det tilbodet hordalendingane i snitt deltek minst på (kunstutstilling) er vist først, og det temaet hordalendingane i snitt deltek mest på (konsert) er vist sist.


Av kulturtilboda er det minst variasjon mellom dei demografiske grupperingane for museum, og størst variasjon i besøk på kino.³

Høgast del som har delteke fleire enn ti gonger finn vi blant 16-19-åringar på kino (42 %). Høgast del som ikkje har delteke nokon gong siste 12 månader finn vi blant trygda som publikum på idrettsarrangement (75 %).




Figur 30: Tal gonger på kunstutstilling siste 12 månader


³ Variasjon er målt som gjennomsnittleg standardavvik av fordelinga av bruk av tilboda siste 12 månader.




Figur 31: Grunn for ikkje å gå oftare på kunstutstilling




Figur 32: Tal gonger på museum siste 12 månader




Figur 33: Grunn for ikkje å gå på museum oftare




Figur 34: Tal gonger på idrettsarrangement (som publikum) siste 12 månader




Figur 35: Grunn til ikkje å gå oftare på idrettsarrangement




Figur 36: Tal gonger på teater/musikal/revy siste 12 månader




Figur 37: Grunn for ikkje oftare på teater/musikal/revy




Figur 38: Tal gonger på kino siste 12 månader



Figur 39: Grunn for ikkje oftare på kino



Figur 40: Tal gonger på konsert siste 12 månader



Figur 41: Grunn for ikkje å gå oftare på konsert


3.2 Friluftsliv

I dette delkapitlet er det spurt om bruk av friluftslivstilbud, men det er ikkje spurt om kvifor ein ikkje nyttar tilboda oftare.


Minimums- og maksimumsverdiar. Figurane er sortert slik det tilbodet hordalendingane i snitt deltek minst på (fellestur med turlag eller organisasjon) er vist først, og det tilbodet hordalendingane i snitt deltek mest på (uorganisert tur) er vist sist.

Av friluftstilboda er det minst variasjon mellom gruppene for fellestur med turlag eller annan organisasjon, og størst variasjon for bruk av alpinanlegg i Hordaland.


Høgast del som har delteke fleire enn ti gonger finn vi blant dei med lang høgare utdanning på tur på eiga hand eller med familie og vener (77 %). Høgast del som ikkje har delteke nokon gong siste 12 månader finn vi blant pensjonistar i alpinbakkane i Hordaland (96 %).




Figur 42: Tal gonger på fellestur med turlag eller annan organisasjon siste 12 månader




Figur 43: Tal gonger nytta alpinanlegg i Hordaland siste 12 månader




Figur 44: Tal gonger nytta skianlegg for langrenn i Hordaland siste 12 månader



Figur 45: Tal gonger nytta tilrettelagt friluftsområde ved sjø siste 12 månader



Figur 46: Tal gonger på tur på eiga hand, eller med familie eller vener, siste 12 månader



Figur 47: Prosent av befolkninga som ikkje har nytta nokre av dei tilrettelagte friluftstilboda siste år


3.3 Eigen aktivitet

Tre spørsmål er stilt i dette delkapitlet. Figur 48 viser svarfordelinga (Ja/Nei) på spørsmålet om ein sjølv er aktiv utøvar innan kultur og idrett, figur 49 viser Ja/Nei-fordelinga på spørsmålet om ein kunne tenkja seg å vere meir aktiv enn i dag, og figur 50 viser dei viktigaste grunnane til at respondentane ikkje får delteke så ofte som dei ønskjer.


Mest og minst aktive. 16-19-åringar og studentar/elevlar er dei mest aktive, og dei som ønskjer å vere enda meir aktive, mens pensjonistar/60+ er minst aktive. Det er lite geografisk variasjon i dei to første figurane, mens det er størst variasjon etter alder og yrkesstatus. Det er verd å merke seg at det ikkje er forskjell på trygda og pensjonistar på spørsmålet om ein sjølv er aktiv utøvar, men at det er ein tydeleg (og signifikant) forskjell på desse to gruppene på spørsmålet om ein kunne tenkja seg å drive meir aktivitet. Trygda får ikkje utfolde seg like mykje som dei ønskjer, mens pensjonistar i større grad er nøgd med eigen aktivitet.

På spørsmålet om dei viktigaste grunnane til ikkje å delta så ofte som ein ønskjer, har vi ikkje finsortert svara slik vi har gjort på spørsmåla i delkapittel 3.1. Blant dei trygda som svarer «andre årsaker» er det likevel alle som oppgjer helseårsaker som grunn.


Geografi. På spørsmålet om viktigaste grunnar til ikkje å delta så ofte som ein ønskjer, finn vi større geografisk variasjon enn på dei to førre, og hardingane er dei som i størst grad svarer at det er dårleg tilbod eller dei må reise langt.



Figur 48: Er du sjølv aktiv utøvar innan kultur og idrett?



Figur 49: Er det kultur/idrettsaktivitetar du kunne tenkja deg å drive meir med enn i dag?




Figur 50: Viktigste grunnar til at ein ikkje får deltatt så ofte som ein ønskjer som utøvar (flerie svar mogleg)

3.4 Bibliotek


Tre spørsmål er også stilt i dette delkapitlet: til alle respondentane er det stilt spørsmål om kor ofte ein går på bibliotek (figur 51) og om dei ville brukt biblioteket meir om opningstidene vart utvida (figur 53). Dei som har svart at dei går på bibliotek har fått eit oppfølgingsspørsmål om kor ofte dei lånar frå biblioteka (figur 52).

Dei minst aktive biblioteksbrukarane er dei trygda, mens dei mest aktive brukarane (og lånetakarane) finn vi i Hardanger.


På spørsmålet om ein ville brukt biblioteket meir om opningstidene vart utvida, finn vi ikkje eit stort ønske om dette. Heile 74 % svarer nei på dette spørsmålet. Minst interesse for utvida opningstider finn vi blant dei gruppene som ikkje er i arbeid (trygda, pensjonistar og 60+).



Figur 51: Kor ofte går du på bibliotek?



Figur 52: (Dei som går på bibliotek): Kor ofte lånar du på bibliotek?



Figur 53: Vil du brukt biblioteket meir om opningstidene vart utvida?


3.5 Arkivinstitusjonar

Det er stilt to spørsmål om arkivinstitusjonar: først er alle respondentane spurt om dei har kontakta ein eller fleire arkivinstitusjonar siste to år, deretter er dei som svarer ja på ein eller fleire institusjonar spurt om kva grunnar dei har hatt til å kontakte arkiva.


På grunn av spørsmålets natur, og fordi fleire svar er mogleg, har vi valt å presentere dataa litt annleis enn før. Figur 54 og 55 inneheld den same inndelinga som før, men aksane er snudd og svaralternativa er vist ved sidan av kvarandre i staden for i stabel.

Mest kontakta er Statsarkivet i Bergen, og størst oppgjeve grunn er «andre årsaker». Ein del svarer her eigedomsinformasjon (som er ei eigen svarkategori), og som alt er lest opp i kategorien «for å skaffe dokument gjeldande eigedomsinformasjon, tilsettingsforhold, kopi av vitnemål, og liknande». Mest svart innan «andre årsaker» er slektsforsking, deretter i samband med jobb/skole.

Ein del av respondentane som har drive slektsforsking kan ha svart «historieinteresse», som er det typiske svaret for pensjonistar. Det er vårt inntrykk at svarkategoriene er uklare og lite fullstendige, så det er vår anbefaling at det blir jobba meir med desse kategoriene i forkant av seinare spørjeundersøkingar.



Figur 54: Kontakta ein eller fleire av følgjande arkivinstitusjonar siste to år (fleire svar mogleg)



Figur 55: Grunnar til å nytte arkiva (fleire svar mogleg)

4. Festivalar


Figur 56 viser utrekna til tal hordalendingar som har vore på ulike festivalar siste to år. I spørsmålet er det spesifisert *Hordaland*, men ein del har svart festivalar utanfor Hordaland. Vi har valt å ta med den festivalen utanfor Hordaland som flest har opplyst om: Countryfestivalen i Breim.

151 000 festivalgáarar. Vi reknar om til tal hordalendingar (over 16 ár) for å vise kva dimensjonar som ligg bak tala i vår representative undersøking. I alt er det respondentar tilsvarande 151 000 hordalendingar som har vore på festival ein eller fleire gongar siste to ár. Tala er sjølvsagt omtrentlege. Ein skal derfor ikkje vere opphengd i små forskjellar i besøkstala, så det gir ikkje meining å skilje mellom t.d. Kystsovevekene og Festeval. Ein del av festivalane (slik som Kystsovevekene og Voss Cup), kan vere vanskeleg for folk å hugse på som festivalar når dei blir ringt opp av eit meiningsmålingsinstitutt, sjølv om dei har vore på arrangement knytt til desse.

Festivalane vil sjølv ha andre besøkstal (viss dei er i stand til å telje om same individ har besøkt fleire dagar på rad). Dels vil det skuldast at respondentane ikkje hugsar eller er klar over at dei har vore på festivalen, dels vil det skuldast usikkerheita i undersøkinga, og dels vil det skuldast at festivalane òg har publikum frå andre fylke.

Figuren er dimensjonert for besøkstala til «andre» festivalar. Dette er festivalar der det berre er to eller færre respondentar som har svart dei har vore på. I sum er det likevel ganske mange respondentar som gir desse idiosynkratiske svara, så i alt er det rekna ut at 28 000 hordalendingar har vore på desse «andre» festivalane.

Ikkje fordelt på kjønn, alder, geografi, osv. Fordi det blir stor usikkerheit om små tal, har vi valt å ikkje dele opp besøkstala på festivalar etter bakgrunnsvariablane.



Figur 56: Kva festivalar (t.d. musikk, idrett, kunst/handverk) i Hordaland har du vore på siste to år?

5. Sakn


74 kategoriar sakn. Respondentane er spurt eit ope spørsmål om det er noko kulturtilbod dei saknar i nærområdet sitt. Intervjuarane har fått eit skjema på 36 alternativ som dei har kunne kode svara etter, og i tillegg eit ope felt der dei har kunne skrive inn andre svar. Desse andre svara har så blitt koda av oss, slik at vi for hovudutvalet (1 850 respondentar) fekk 74 kategoriar sakn, og for ungdomsutvalet (400 respondentar) fekk 44 kategoriar sakn.

77 000 saknar eit eller fleire kulturtilbod, 34 000 saknar idrettstilbod og 16 000 saknar friluftstilbod. Den vekta summen av respondentar for kvar type sakn er deretter delt på utvalsstorleiken og deretter multiplisert med populasjonsstorleiken slik at vi får ei berekning av kor mange i Hordaland som saknar dei ulike tilboda. Vi kjem da fram til at 77 000 hordalendingar saknar eitt eller fleire kulturtilbod eller –arenaar. Av desse er det litt over 18 000 som saknar eit (betre) kinotilbod. Nest etter dette er det i underkant av 11 000 som saknar teaterførestillingar.


Samanfallande kategoriar. Fleire kategoriar er samanfallande, men kan ikkje lett slåast saman. Saknet etter teaterførestillingar er eit døme på dette: 11 000 saknar teaterførestillingar, men det er òg i underkant av 9 000 som saknar teaterscener, og 500 som er koda med eit uspesifisert sakn knytt til teater. Sakna er nok i stor grad overlappande, men respondentane kan ikkje summerast. Vi kan ikkje seie at det er 20 000 som saknar betre teatertilbod, fordi det er mange respondentar som har svart på både sakn av teaterscene og teaterførestillingar. Det gir meining å skilje desse: bur ein til dømes i Bergen, kan ein meine at ein har god nok tilgang til teaterscenar, men at tilbodet av førestillingar bør vere betre. Bur ein derimot i ein kommune utan teaterscene, gir det liten meining å ønskje seg fleire førestillingar utan òg å ønskje seg ein scene. Likeeins er det mange samanfallande sakn innan musikk, konsertar og konsertlokale.

Seks figurar for hovudutvalet. Vi viser svarfordelinga frå hovudutvalet i fem inndelingar: først etter aldersgrupper, deretter etter kjønn, utdanning og yrkesstatus, og til sist etter bustadregion. På grunn av det store talet, er saknet etter kino vist i ein eigen figur.


To figurar for ungdomsutvalet. Det gir ikkje meining å dele ungdomsutvalet etter utdanning og yrkesstatus. Vidare er utvalet for lite for ein del regionar til å trygt kunne seie noko om regionane. Vi står derfor att med alder og kjønn.




Figur 57: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar ulike tilbod, fordelt etter aldersgrupper




Figur 58: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar ulike tilbud, fordelt etter kjønn




Figur 59: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar ulike tilbod, fordelt etter utdanningsnivå




Figur 60: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar ulike tilbud, fordelt etter yrkesstatus




Figur 61: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar ulike tilbod, fordelt etter region



Figur 62: Utrekna kor mange i Hordaland som saknar kinotilbod



Figur 63: Utrekna kor mange mellom 16 og 19 i Hordaland som saknar ulike tilbod, etter alder



Figur 64: Utrekna kor mange mellom 16 og 19 i Hordaland som saknar ulike tilbod, etter kjønn

6. Kjenneteikn for kulturregionane

6.1. Bergen

Bergen har høg gjennomsnittleg kultur- og idrettsinteresse. Sterkast interesse i fylket for idrett, film, skjønnlitteratur, teater, bildekunst, klassisk musikk, jazz, opera, ballett/samtidsdans, og museum. Middels interesse for friluftsliv, revy/stand-up, kulturminnevern, kunsthandverk, hip hop, pop og rock. Låg interesse for folkemusikk/folkedans, lokalhistorie/slektsgransking, country og danseband.

Bergensarane er mest aktive deltakarar sjølve innan kultur og idrett og er dei som mest ønskjer å vere meir aktive. Bergensarane går mest i fylket på kunstutstilling, museum, teater/musikal/revy, kino, konsert og turar på eiga hand. Dei er over gjennomsnittet brukarar av tilrettelagte friluftsområde ved sjø, litt over gjennomsnittet brukarar av alpinanlegg i Hordaland og litt under gjennomsnittet brukarar av skianlegg for langrenn. Bergensarane går litt under gjennomsnittet på bibliotek og har litt under gjennomsnittet kontakta arkiv. Dei har delteke minst i fylket på fellestur med turlag eller annan organisasjon, og går minst i fylket på idrettsarrangement (som publikum).

6.2. Indre kulturregion

Innbyggjarane i Indre Hordaland har høg gjennomsnittleg kultur- og idrettsinteresse. Dei har sterkast interesse i fylket for friluftsliv, danseband, country, lokalhistorie/slektsgransking, kulturminnevern, kunsthandverk og folkemusikk/folkedans. Dei har middels interesse for skjønnlitteratur, teater, bildekunst, klassisk musikk, jazz, opera, ballett/samtidsdans og museum. Innbyggjarane i Indre kulturregion har lågast interesse for idrett, film, revy/stand-up, hip hop, pop og rock.

Dei nyttar alpinanlegg og skianlegg for langrenn i Hordaland mest, dei går over gjennomsnittet i fylket på kunstutstilling, museum og idrettsarrangement (som publikum). Indre hordalendingar er litt over gjennomsnittet aktive deltakarar sjølve innan kultur og idrett, men vil i minst grad bli meir aktive. Dei har delteke litt under gjennomsnittet på fellestur med turlag eller annan organisasjon. Dei går minst i fylket på teater/musikal/revy, kino, konsert, på bibliotek og turar på eiga hand, nyttar minst i fylket tilrettelagte friluftsområde ved sjø, og har i minst grad i fylket kontakta arkiv.

6.3. Ytre kulturregion

Innbyggjarane i Ytre Hordaland har noko lågare gjennomsnittleg kultur- og idrettsinteresse enn dei to andre kulturregionane. Dei har sterkast interesse i fylket for pop, country og danseband. Middels interesse for hip hop, rock, idrett, film, lokalhistorie/slektsgransking, og folkemusikk/folkedans. Lågast interesse i fylket for skjønnlitteratur, teater, bildekunst, klassisk musikk, jazz, opera, ballett/samtidsdans, kulturminnevern, museum og friluftsliv.

Innbyggjarane i Ytre kulturregion har delteke mest i fylket på fellestur med turlag eller annan organisasjon, nyttar mest tilrettelagte friluftsområde ved sjø, går mest i fylket på idrettsarrangement (som publikum), går mest i fylket på bibliotek, og har i størst grad i fylket kontakta arkiv. Dei går litt over gjennomsnittet i fylket på kino, litt under gjennomsnittet i fylket på teater/musikal/revy og turar på eiga hand, og under gjennomsnittet i fylket på konsert. Ytre hordalendingar går minst på kunstutstilling, museum, i alpinanlegg og i skianlegg for langrenn. Dei er minst aktive deltakarar sjølve innan kultur og idrett, men har litt over gjennomsnittet ønskje om å bli meir aktive.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Regionalavdelinga
Analyse, utgreiing og dokumentasjon
Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 92 82
e-post: aud@hfk.no

www.hordaland.no

Foto på framsida: Vidar Herre/avisa Hordaland
Desember 2013